

Lesarhistoria – ny veg til lesaren 2015-2018

Presentasjonar av delprosjekta

Utfyllande rapportar med biletmateriale vil bli lagde ut på heimesida til Sogn og Fjordane fylkesbibliotek: <http://fylkesbiblioteket.sfj.no/lesarhistoria>

[Sjå presentasjonar frå seminaret ved OsloMet i 2017](#)

Sogndal bibliotek og Kaupanger skule (6.-7. trinn)

Biblioteket har hatt som mål å vidareutvikle skulebesøk og å treffe betre med bokval for å auke lesemotivasjonen hjå elevane. Skulen ville skape eit lesande miljø.

Biblioteket har samarbeidd tett med lærar og fylgt ein klasse i to år. Gjennom brevveksling med elevane kunne bibliotekaren finne ut meir om lesaren og om kva som kunne motivere han eller ho.

I tillegg til brev har tett dialog med lærar vore viktig for å kunne finne bøker som også var tilpassa lesenivået til den enkelte. Brev har òg vore utgangspunkt for bokpraten bibliotekaren har hatt i biblioteket eller i klasserommet. Refleksjon og evaluering av bokval og eiga formidling har vore med på å utvikle bibliotekarens formidlingspraksis. Læraren har klart å skape eit miljø i klassen som er i tråd med hennar syn på lesestimulering. Læraren ynskja at elevane skulle «flytte inn i bøkene» og at klasserommet skulle ha «eit landskap av bøker». Vidare har lærar vore tydeleg på ynske om å vere eit lesande forbilde for elevane. Samarbeidet med bibliotekar har forsterka denne rolla overfor elevane. Dei har stått fram som eit team med same agenda - dette er noko dei er saman om. Lærar har også tatt ei aktiv rolle i å fylgje opp bokpraten til bibliotekaren.

Lærar har snakka om lesing og prosjektet på alle foreldremøte og foreldresamtalar. Elevane har fått 30 minutt til lesing kvar dag og har til ei kvar tid hatt ei bok på skulen og heime. Lærar lét også bøker og lesing inngå i andre fag enn norsk der det er mogleg. Kjernen i formidlingspraksisen er oppfylgning og samtale. Her er det brukt brev, men andre former kan også tenkast. Nøkkelen er å finne ein metode som sikrar tilbakemelding frå lånaren/eleven og førebuing/justering undervegs gjennom samtale med lærar.

Resultat av prosjektet:

- Bibliotekar og lærar har lært mykje om eigen praksis gjennom evaluering og refleksjon.
- Bibliotekar har fått meir kunnskap om målgruppa og nyare barnelitteratur
- Bibliotekar har fått øving i å vurdere bøker tilpassa den enkelte. Alle vurderingar og omtalar av bøker er loggførte, og kan brukast om igjen til andre elevar.
- Bibliotekar har blitt meir bevisst på å bruka eiga lesarhistorie i formidlinga.
- Bibliotekar har vorte meir bevisst breidda i ein klasse: ei bok kan ha innverknad på sosial status i klassen.
- Lærar og skulen har lært meir om korleis biblioteket kan nyttast i pedagogisk arbeid.
- Vi har fått meir kunnskap om korleis bibliotekar og lærar kan samarbeide. Lærar og bibliotekar har m.a. reist på kurs om barnebøker og gjort felles vurderingar av bøker til den enkelte elev.
- Lærar og bibliotekar har hatt mange nyttige samtalar om bøker og klassen si utvikling. Samtalar som har gjort det enklare å velje bøker. Jo lenger inn ein kom i prosjektet, jo meir avanserte bøker kunne dei t.d. bruke til høgtlesing.

- Prosjektet har gitt draghjelp til dei elevane som sleit med lesing. Enkelte bøker som er brukte i prosjektet har vore avgjerande for leseutviklinga til dei som har hatt størst utfordringar.
- Lesemotivasjonen hjå elevane auka, og lærar melder om at lesefarten til fleire av elevane har auka i løpet av prosjektet.
- Lærar melder òg om at elevane har blitt betre i skrivning, flinkare til å bygge opp forteljingar og er meir fantasifulle.
- Elevene lesar med betre flyt og forståing.
- Elevane opplevde mestringkjensle fordi bøkene var tilpassa deira leseferdigheter.
- Ein har utvikla ein formidlingspraksis som er meir målretta og mindre tilfeldig.

For meir informasjon om prosjektet, kontakt Eli Kjos-Wenjum ved Sogndal bibliotek: eli.kjos-wenjum@sogndal.kommune.no eller lærar Kristin Fossnes ved Kaupanger skule: kristin.fossnes@sogndal.kommune.no

Gloppen folkebibliotek og Nordstranda skule (2. og 3. klasse)

Gloppen folkebibliotek ville auke kompetansen på formidling til ei gruppe som ikkje har etablert seg som bibliotekbrukarar, nemleg elevar i 2. og 3. klasse. I prosjektet har bibliotek- og skulebesøk vore kopla opp mot kompetansemåla i læreplanen for norskfaget.

Det har vore ti samlingar i året som har innehalde undervisningsopplegg med ulike former for litteraturformidling. I prosjektet har dei lagt vekt på å presentere elevane for eit breitt litteraturutval og mange sjangrar. All litteratur vart vald ut med utgangspunkt i den enkelte elev si lesarhistorie og sett i eit klassebibliotek, som var tilgjengeleg for elevane gjennom heile prosjektperioden.

Dei fleste samlingane har vore i biblioteket, for at elevane skulle verte godt kjende med lokalet og boksamlinga.

Alle samlingane har teke utgangspunkt i relevante læreplanar. Dei har vore innom dikt, eventyr, samansett tekst og faktabøker. Dei har også snakka om bøker med tema elevane kjenner igjen frå andre fag som natur- og samfunnsfag. Gjennom å knyte bibliotekaren sin litteraturkompetanse til lærebøker og læreplanar, har biblioteket fått utvida sitt formidlingstilbod, og skulen har fått eit verdifult supplement til norskundervisninga.

Elevane har delteke gjennom samtale og ved å lage eige skriftleg materiale. Dei har mellom anna skrive diktbok, levert tilbakemeldingar på litteratur dei har fått presentert, og dei har reflektert over eiga lesarutvikling – lesarhistorie.

Resultat av prosjektet:

- Bibliotekaren har fått auka både sin bokkunnskap og sin kompetanse på formidling til denne lånargruppa.
- Bibliotekar har utvikla eit formidlingsopplegg som supplerer norskundervisninga og kan tilbydast til andre skuler/bibliotek.
- Lærar og bibliotekar har evaluert alle klassebesøk, og tilpassa besøka deretter. Dette er kunnskap som kan komme andre til gode og som vil bli trekt fram i andre publikasjonar.
- Både skulen og biblioteket ser gjensidig verdien av det tette samarbeidet, og vil halde fram med dette. Biblioteket har utarbeidd planar for vidareføring etter prosjektperioden.

- Elevane har øvd seg på lese nye og ukjende sjangrar, dei har øvd på å snakke om litteratur, og dei har reflektert rundt eiga lesarhistorie. Som resultat har elevane fått ei enda meir positiv haldning til bøker og bibliotek, samstundes som dei er blitt meir bevisste på eiga lesing.
- Lærar melder om at elevane har utvikla seg mykje, er klare på kva dei liker og ikkje liker, samtidig som dei er opne for å prøve nye utfordringar.
- Elevane har blitt trygge/vande bibliotekbrukarar både i skulesamanheng og på fritida.
- Prosjektet har gitt auka forståing i å fokusere på den individuelle lånaren sitt behov.
- Prosjektet viser potensialet som ligg i at lærar og bibliotekar samarbeider om den faglege kunnskapen dei sit på. Bibliotekar har fått pedagogiske tips av lærar, lærar har fått tips om litteratur og formidling.

For meir informasjon om prosjektet, kontakt bibliotekar Ann-Kristin Hovstad ved Gloppen folkebibliotek: ann.kristin.hovstad@gloppen.kommune.no eller lærar Reidun Sandøy Os ved Nordstranda skule: reidun.sandoy.os@gloppen.kommune.no

Bremanger folkebibliotek og Davik barnehage (3-5 år)

Barnehagen ville utvikle seg til å bli ein barnehage med lesande og bokglade barn. Gjennom tidleg start, tettare samarbeid med folkebiblioteket, involvering av foreldra og medvite fokus på lesing og bøker i bruk, har dei vore med på å skape lesarhistorier hos dei yngste. Prosjektet har gjort personalet meir reflektert, og dei brukar varierte formidlingsmetodar i eiga formidling. Lesing er blitt ein like naturleg del av kvardagen som anna.

Barnehagen har tatt initiativ til eit tettare samarbeid med folkebiblioteket, og saman har dei fått til jamlege besøk frå barnebibliotekar, bokkassar og garderobebibliotek i barnehagen. I tillegg har barnehagen arrangert bokkafé med foreldre, hatt tema om lesing på foreldremøte, late store barn lese/fortelje ei bok til dei som er mindre, hatt «mi favorittbok», skrive bok sjølv, lesing ute i det fri, dialogisk lesing, bokdramatisering, e-bøker og digital formidling.

Resultat av prosjektet:

- Bibliotekaren har utvikla litterære «program» med dramatisering, song og høgtlesing som kan brukast i andre barnehagar eller bibliotek
- Biblioteket har gjort seg erfaringar med korleis ein kan etablere barnehagebibliotek. Dei har fått kunnskap om kva bøker som passar, høveleg utlånstid, slitasje, plassering, formidling av tilbodet m.m. Dette er kunnskap som kan formidlast vidare til bibliotek som ynskjer å etablere barnehagebibliotek.
- Biblioteket har fått auka kunnskap om målgruppa og kor viktig det er å nå dei aller yngste lesarane og foreldra deira.
- Biblioteket har gitt barnehagen den bokkunnskapen dei følte dei mangla. Kunnskap om og tilgang til eit mangfald av bøker gjer at barnehagen kan ta bøkene i bruk på nye måtar. I barnehagen har dei jobba med enkelte bøker over lang tid og på den måten late barna få vere i eit bokunivers i kvardagen, ei oppleving som kan vere med på å forme lesarhistorier.
- Barnehagetilsette har lært om formidling av barnebibliotekaren.

- Barnehagen melder om stort engasjement i heile barnegruppa når det gjeld å lese bøker. I større grad enn før, vel dei lesing som aktivitet i frileik.
- Personalet har blitt meir reflektert når det gjeld val av bøker og nyttar meir varierte formidlingsmetodar enn tidlegare. Det blir brukt meir tid på refleksjon og samtale med barna.
- Planfesta aktivitetar kvar måned som er med og minner personalet om å halde fokus på satsinga.
- Barnehagen er del av eit oppvekstsenter, og skulen og barnehagen er samlokaliserte. Tidleg innsats i barnehagen har gitt meir trykk på leseprosjekt i skulen for å følgje opp satsinga.
- Gode tilbakemeldingar frå foreldre og godt oppmøte på arrangement.
- Barna har opplevd gode og lærerike lesestunder.

For meir informasjon om prosjektet, kontakt barnehagepedagog Astrid Olsbø:

astrid.endal.olsbo@bremanger.kommune.no eller barnebibliotekar Trond Strand ved Hauge filial: trond.strand@bremanger.kommune.no

Balestrand folkebibliotek og Sagatun skule (ungdomstrinn)

I Balestrand var målet at ungdom skulle bli meir medvitne på lesaropplevingar og lesarhistoria si.

Dei ville jobbe med heile ungdomstrinnet på Sagatun og kople det opp mot Uprisen som er ein leseaksjon i regi av Foreningen !les. Elevane har vore både anmeldarklasse og juryklasse. Lærar hadde erfaring med leseaksjonen før prosjektet formelt starta opp.

Gjennom skriftlege bokmeldingar og litterære samtalar ser vi at elevane har fått auka kompetanse på litteraturkritikk. Bibliotekaren har fylgt arbeidet med Uprisen tett og hatt ansvar for m.a. bokpresentasjonar og supplering av bøker til elevane. Resultat av prosjektet:

- På grunnlag av elevane sine eigne lesarhistorier, har bibliotekar vald ut bøker til elevane.
- Både lærar, bibliotekar og elevar har fått eit djupdykk inn i nyare norsk ungdomslitteratur. Dei har lese variert og mykje.
- Tett samarbeid med lærar og klassen har gitt bibliotekar meir innsikt i skulekvardagen, noko som har vore ein stor fordel i dette prosjektet, då biblioteket for få år sidan vart gjort om til eit kombinasjonsbibliotek med prosjektskulen. Leseaksjonar kan vere ein fin inngangsport for bibliotekarar som ynskjer å etablere kontakt/samarbeid med enkelte lærarar/skuler.
- Lærar har vidareutvikla Foreningen !les sin mal for bokmeldingar, med vekt både på subjektive og objektive kriterium. Elevane har fått ei verktøykasse, og har opparbeidd seg auka kompetanse på litteraturkritikk.
- Vi ser ei tydeleg utvikling i bokmeldingane elevane har skrive. Gjennom litterære samtalar i klasserommet har dei lært å ta i bruk ein meir litteraturkritisk metode.
- Vektlegging av lesarhistorieomgrepet har gjort at elevane vågar å vere meir personlege i arbeidet. Dei er meir reflekterte og legger større vekt på leseopplevinga enn kva som er vanleg.
- Besøk av profesjonell kritikar (kritikarfadder), skrivekurs med Foreningen !les og bruk av rollekort i litterære samtalar har gjort elevane meir bevisste på korleis dei skal uttrykkje seg

og formidle bøker. Lesarane av bokmeldingane i Uprisen er både andre ungdommar og vaksne som jobbar med bøker og formidling.

- Elevane har blitt gode til å formidle bøker skriftleg, men også munnleg. Det har t.d. blitt enklare for bibliotekaren å finne bøker til elevane, fordi dei har fått eit nytt språk for å uttrykke kva dei liker i det dei les.
- Enkle tiltak som komfortable leseplasser og «kosemat» har vore med på å gje dei litterære samtalene mindre skulepreg og ei hyggelegare ramme. At lærar er flink til å lytte og få fram ei avslappa og trygg stemning er ein suksessfaktor i høve bokprat med ungdom.

For meir informasjon om prosjektet, kontakt lærar ved Sagatun skule Liv Ese:

liv.ese@balestrand.kommune.no eller bibliotekar Kari Bolstad ved Balestrand folkebibliotek:

kari.bolstad@nalestrand.kommune.no

Flora folkebibliotek og Krokane skule (5., 7. og 8. trinn)

Prosjektet er integrert i Flora kommune sin årlege leseaksjon med mål om å vekkje leselyst. Dei ville teste ut om brevveksling mellom barnebibliotekar og skulebibliotekar og elevane ville lette arbeidet med å finne rett bok til rett elev. Elevane sine personlege lesarhistorier danna grunnlag for bibliotekarane sine val av bøker. Vi ser som resultat av arbeidet at elevane har eit større engasjement for bøker og lesing, dei er villige til å utvide lesehorisonten sin med nye bøker og genrar. Det at bøker vert utvalde til dei personleg gjer at lesemotivasjonen aukar, og det er meir sannsynleg både at dei les boka og at dei liker ho. Bibliotekarane gav svarbrev i lag med boka dei plukka ut til eleven. Bøkene har òg blitt presenterte i plenum i lag med andre bøker som ikkje er direkte tiltenkte nokon. Bibliotekarane har slik presentert eit mangfald av bøker, og elevane har blitt freista til å lese fleire bøker enn den dei har fått utdelte.

Resultat av prosjektet:

- Bibliotekar har lukkast i å integrere lesarhistorieomgrepet i skulen og brukt det i eiga formidling.
- Bibliotekarane har fått trening i å tolke/tyde barn sine ynske og meiningar. Bibliotekarane har blitt meir bevisste utfordringane elevane har med å formidle kva type bøker dei liker, og har lært seg å spørje på ein ny måte.
- Bibliotekarane har fått meir kunnskap om ulike målgrupper, ettersom dei har jobba med tre ulike klassetrinn.
- Barnebibliotekar ved folkebiblioteket og skulebibliotekar har etablert eit godt samarbeid og fått innsyn i kvarandre sin profesjonelle kvardag. Dei har utfylt kvarandre sine roller.
- Bibliotekarane har blitt meir bevisste eleven som person og at interesse/manglande interesse for lesing kan ha samanheng med leseforståing.
- Bibliotekarane gjer ein ekstra innsats fordi det kjennes personleg, det er mykje som står på spel. Ein vil ikkje skuffe lesaren/lånaren, men vil jo gjerne utfordre han/ho til å lese noko nytt også.

- Skulens rektor har vore direkte engasjert i prosjektet, og forankra det i skulen.
- Elevane kjenner seg sette og høyrde gjennom å få personlige «bokgåver».
- Mange elevar har fått ei a-ha-oppleving med bøkene dei har fått. Dei har likt bøker dei i utgangspunktet var skeptiske til. Mange les meir variert enn før.
- Elevane har øvd opp skriveferdigheiter gjennom handskrivne brev.
- Vi har fått eit skulebibliotek og folkebibliotek som kjennest relevant for elevane, fordi dei har bøker om det dei er interesserte i, enten det er om minecraft, Marcus og Martinus eller tyske filosofar. Romslege bokbudsjett er avgjerande.

For meir informasjon om prosjektet, kontakt bibliotekar Lise Monsen ved Flora folkebibliotek: lise.monsen@flora.kommune.no eller skulebibliotekar Torhild Madsen ved Krokane skule: torhildester@hotmail.com